



HELSETILSYNET
I HORDALAND

Mottatt HV RHF

5 DES 2011

Helse Bergen HF

Postboks 1

5021 BERGEN

DYKKAR REF.:

VÅR REF. (TA MED VED SVAR):

DATO:

2011/11912

30.11.2011

Oversending av rapport frå tilsyn med Helse Bergen HF, Ortopedisk klinikk, Haukeland Universitetssjukehus 8. og 9. november 2011

Helsetilsynet i Hordaland viser til e-brev 22. november vedlagt utkast til rapport og tilbakemelding frå klinikkdirektør Lars Oddvar Arnestad i e-brev 29. november 2011.

Ved tilsynet blei det ikkje avdekt forhold som er i strid med krav i helselovgjevinga. Rapporten frå tilsynet følgjer som vedlegg.

Tilsynet er avslutta. Vi takkar for godt samarbeid i samband med planlegging og gjennomføring av tilsynet.

Etter avtale får Helse Vest RHF tilsendt rapportar frå tilsyn med helseføretaka og verksemdar som det regionale helseføretaket har inngått avtalar med. Tilsynet er del av eit landsomfattande tilsyn. Rapporten blir sendt til Statens helsetilsyn som utarbeider ein nasjonal rapport.

Rapporten frå tilsynet 8. og 9. november blir publisert på www.helsetilsynet.no og på vår nettside, www.fylkesmannen.no/hordaland - tilsynsrapportar.

Med helsing

Helga Arianson
fylkeslege

Signe Marit Tørressen Gajek
ass. fylkeslege

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Vedlegg: Rapport frå tilsyn med Helse Bergen HF, Ortopedisk klinikk, Haukeland Universitetssjukehus 8. og 9. november 2011

Kopi med vedlegg:

Helsetilsynet i Sogn og Fjordane	Njøsavegen 2	6863	LEIKANGER
Statens helsetilsyn	Postboks 8128 Dep	0032	OSLO
Helsetilsynet i Rogaland	Postboks 59	4001	STAVANGER
Helse Vest RHF	Postboks 303 Forus	4066	STAVANGER

Sakshandsamar: Anne Grete Robøle 📞 5557 2231



HELSETILSYNET
I HORDALAND

Rapport frå tilsyn med behandling av skrøpelege eldre med hoftebrot Helse Bergen HF, Ortopedisk klinikk, Haukeland Universitetssjukehus

Adressa til verksemda Postboks 1, 5021 Bergen
Tidsrom for tilsynet: 8. og 9. november 2011
Kontaktperson i verksemda: Lars Oddvar Arnestad, klinikkdirektør

Samandrag

Helsetilsynet i Hordaland gjennomførte tilsyn med Helse Bergen HF, Ortopedisk klinikk, Haukeland Universitetssjukehus 8. og 9. november 2011.

Tilsynet undersøkte om sjukehuset ved systematisk styring og kontinuerleg forbetring sikrar forsvarleg behandling av skrøpelege pasientar, 80 år og eldre, med hoftebrot.

Det blei fokusert på følgjande:

- ventetid frå innlegging til operasjon
- oversikt over legemiddelbehandling ved innlegging og informasjon om legemiddelbehandling ved utskriving
- førebygging og behandling av delir (forvirringstilstand)
- vurdering og oppfølging av ernæringsmessig risiko
- postoperativ oppfølging og rehabilitering.

Ved tilsynet ble det ikkje avdekt forhold som er i strid med krav i helselovgjevinga.

Dato: 29. november 2011

Signe M. Tørressen Gajek
revisjonsleiar

Jo Kåre Herfjord
revisor

Innhold

Samandrag.....	1
1. Inleiing.....	3
2. Omtale av verksemda – spesielle forhold.....	3
3. Gjennomføring.....	4
4. Kva tilsynet omfatta.....	4
5. Funn.....	5
6. Vurdering av styringssystemet i verksemda.....	5
7. Regelverk.....	5
8. Dokumentunderlag.....	5
9. Deltakarar ved tilsynet.....	7

1. Innleiing

Rapporten er utarbeidd etter tilsyn med Helse Bergen HF, Ortopedisk klinikk, Haukeland Universitetssjukehus, 8. og 9. november 2011. Tilsynet er eit av dei planlagde tilsyna som Helsetilsynet i Hordaland gjennomfører i år. Det er og del av det landsomfattande tilsynet med spesialisthelsetenester til eldre i 2011 som blir utført etter oppdrag frå Statens helsetilsyn.

Helsetilsynet i fylket har fullmakt til å føre tilsyn med helsetenesta etter lov om statlig tilsyn med helsetjenesten § 2. Tilsynet blei utført som systemrevisjon. Ein systemrevisjon blir gjennomført ved å granske dokument, ved intervju og andre undersøkingar.

I 2011 blir det gjennomført tilsyn med behandling av hoftebrot ved fire sjukehus i Helse Vest:

- Helse Førde HF, Kirurgisk klinikk, Ortopedisk avdeling, seksjon Førde
- Stavanger Universitetssjukehus, Helse Stavanger HF, Kirurgisk divisjon, Ortopedisk avdeling 5G
- Helse Fonna HF, Kirurgisk klinikk, Ortopedisk seksjon, Haugesund sjukehus
- Helse Bergen HF, Ortopedisk klinikk, Haukeland Universitetssjukehus

Tilsyna blir gjennomført av eit felles tilsynslag som er oppnemnt av fylkeslegane i Rogaland, Sogn og Fjordane og Hordaland.

Formålet med systemrevisjonen er å vurdere om verksemda tek hand om ulike krav i lovgjevinga gjennom internkontrollen sin. Revisjonen omfatta å undersøkje om:

- kva tiltak verksemda har for å avdekkje, rette opp og førebyggje brot på lovgjevinga innanfor dei områda tilsynet omfatta
- tiltaka blir følgde opp i praksis og om nødvendig korrigererte
- tiltaka er gode nok for å sikre at lovgjevinga blir følgd

Rapporten handlar om avvik som er avdekte under revisjonen og gjev derfor inga fullstendig tilstandsvurdering av det arbeidet verksemda har gjort innanfor dei områda som tilsynet omfatta.

- **Avvik** dreier seg om at krav som er gitt i eller i tråd med lov eller forskrift, ikkje er oppfylte
- **Merknad** er forhold som ikkje er i strid med krav fastsett i eller i medhald av lov eller forskrift, men der tilsynet finn grunn til å påpeike mulegheit for forbetring

2. Omtale av verksemda – spesielle forhold

Ortopedisk klinikk omfatta Kysthospitalet i Hagevik, Avdeling for ortopedisk rehabilitering, Ortopedisk avdeling og Nasjonalt register for leddproteser.

Klinikken har 268 årsverk og 119 av dei er ved Ortopedisk avdeling på Haukeland Universitetssjukehus. Avdelinga har 35 legar, 22 overlegar og 13 legar i spesialisering. I tillegg er turnuskandidatar og medisinske studentar ved avdelinga.

Ortopedisk avdeling har fem fagseksjonar og to sengepostar OT2sør/vest og OT1 aust med til saman 60 senger. Pasientar med hoftebrot får plass på både sengepostane, men flest på

OT2sør/vest. Avdelinga har i tillegg 7 ortopediske senger på barnekirurgisk avdeling. I tillegg er det poliklinikk og dagkirurgisk verksemd.

I 2010 blei det utført 14136 polikliniske konsultasjonar og 3504 operative inngrep. 80 % av pasientane blir innlagt som øyeblikkeleg hjelp

Av dei 300 pasientane som blei opererte for hoftebrot i 2010, blei om lag 95 % av dei opererte innan 48 timar. I første halvår 2011 er meir enn 85 % opererte innan 48 timer. Liggetida er kort og pasientane blir raskt utskrivne om tilhøva ligg til rette for det.

Ortopedisk avdeling brukar operasjonsplanleggingssystemet ORBIT og kan mellom anna ta ut oversikter ventetid frå innlegging til operasjon.

Nasjonalt register for leddproteser (NRL) omfattar også Nasjonalt hoftebruddregister samt Nasjonalt Korsbåndsregister. Samla utgjer dette Nasjonalt Kompetansesenter for leddproteser. Frå og med 2010 driftar avdelinga også Barnehofteregisteret. Informasjonen frå registra blir aktivt brukte i styringa av klinikken.

3. Gjennomføring

Tilsynet omfatta følgjande aktivitetar:

Melding om tilsyn blei sendt 14. september 2011.

Opningsmøte blei halde 8. november 2011.

Intervju: 11 personar ble intervjua.

44 pasientjournalar blei gjennomgått

Det ble gjennomført omvising ved ortopedisk sengepost OT2sør/vest

Slutmøte blei halde 9. november 2011.

Oversikt over dokumentasjon som blei tilsendt i samband med tilsynet og dokument som blei gjennomgått under tilsynet er gitt i kapittel 8, Dokumentunderlag.

4. Kva tilsynet omfatta

Tilsynet er avgrensa til behandling av skrøpelege pasientar over 80 år med hoftebrot som helsemessig er klassifiserte som ASA 3 eller ASA 4.

ASA 3 er pasientar med alvorleg systemsjukdom, men som blir halden under kontroll medikamentelt. ASA 4 er pasientar med alvorleg systemsjukdom som ikkje er under kontroll.

Ved tilsynet undersøkte vi om Ortopedisk klinikk sikrar at skrøpelege eldre pasientar med hoftebrot får forsvarleg behandling, avgrensa til:

- om ventetid frå innlegging til operasjon var mindre enn 48 timar dersom tilstanden til pasienten ikkje var til hinder for operasjon innan denne tidsramma
- oversikt over legemiddelbehandling ved innlegging og informasjon om legemiddelbehandling ved utskrivning
- førebygging og behandling av delir /forvirringstilstand

- vurdering og oppfølging av ernæringsmessig risiko
- postoperativ oppfølging og rehabilitering

5. Funn

Ved tilsynet blei det ikkje avdekt forhold som er i strid med krav i helselovgjevinga. Det blei ikkje funne grunnlag for å gi merknader.

6. Vurdering av styringssystemet i verksemda

Ansvarsforhold i avdelinga er klare. Det blir gitt relevant opplæring innan tema som dette tilsynet omfatta. Tilsette har noko ulik kjennskap til skriftlege rutinar, til dømes rutine for kartlegging av ernæringsmessig risiko og vurdering og behandling av delir. Ved tilsynet er det likevel ikkje kome fram opplysningar som tilseier anna enn undersøking og vurdering av pasientane før og etter operasjon, er i samsvar med faglege normer.

Leiinga brukar nasjonale kvalitetsindikatorar i planlegging av drifta og har oversikt over risikoområde. Leiinga er og kjend med at etablerte rutinar for mobilisering av pasientane første dag etter operasjon, ikkje alltid blir følgde i helger og høgtider. Ordninga for melding av uønskte hendingar er kjend, men blir i varierende grad brukt. Sjølv om dette ikkje utgjer nokon umiddelbar fare for pasienttryggleiken, ventar tilsynet at leiinga vurderer nødvendige tiltak for å redusere sårbarheit i verksemda.

7. Regelverk

- Lov av 30. mars 1984 nr. 15 om statlig tilsyn med helsetjenesten
- Lov av 2. juli 1999 nr. 61 om spesialisthelsetjenesten m.m.
- Lov av 2. juli 1999 nr. 63 om pasientrettigheter (pasientrettslova)
- Lov av 2. juli 1999 nr. 64 om helsepersonell
- Forskrift av 21. desember 2000 nr. 1385 om pasientjournal
- Forskrift av 20. desember 2002 nr. 1731 om internkontroll i sosial- og helsetjenesten

8. Dokumentunderlag

Dokumentasjon frå verksemda knytt til den daglege drifta og andre viktige forhold, send over i samband med førebuing av tilsynet:

- Organisasjonskart – Ortopedisk klinikk
- Kort omtale av klinikken – PowerPoint presentasjon.
- Namn på leiarar og namn på legar
- Stillingsomtalar
- Sjekkliste for nytilsette sjukepleiarar.
- Sjekkliste for nytilsette hjelpepleiar/helsefagarbeidar
- Oppgåver for bakvakt
- Oppgåver for assistentlegar
- Oppgåver for turnuslegar
- Oppgåver for studentvakt
- Overordna utdanningsplan 2010

- Funksjonsbeskriving for avdelingssjukepleiar
- Preoperative retningsliner for hoftebrots pasientar
- Preoperative retningsliner for ernæring
- Sjekkliste for mottak av ØH pasientar
- Prosedyre for hoftenære brot
- Retningsliner for fysioterapi ved proksimale femurfrakturar
- Førebygging av delirium hos eldre
- Røntgenmøte på ortopedisk avdeling
- Tilstandar som treng operasjon om natta
- Pasientansvarleg lege
- Rutinar for pasientansvarleg lege ved ortopedisk avdeling
- Rutinar for journalføring
- Retningsliner for pasientar som fastar
- Retningsliner for pre operativ faste
- Diabetespasientar som fastar
- Avtale om fordeling av øh kirurgi og ortopedi mellom Helse Bergen (HBHF) og Haraldsplass Diakonale sykehus (HDS)
- Retningsliner for pasientfordeling
- Standard for venting til Øh operasjon ved ortopedisk avdeling
- Tal på pasientar med hoftebrot siste 6 månader med ventetid
- Tal på pasientar over 80 med hoftebrot siste 6 månader med ventetid
- Tal på pasientar med hoftebrot som venta over 48 timer for operasjon.
- Informasjon om falskehalsar
- Pre og postoperative prosedyrar
- Opplæringsprogram
- Tilsynsrapport frå Direktoratet for samfunnsikkerhet og beredskap.
- Klinikken sin strategiplan 2008-2012.

Dokument som blei mottatt og gjennomgått under tilsynet:

- Oversikt over alle pasientrelaterte avviksmeldingar siste året.
- Oversikt over internundervisning for sjukepleiarar og pleiepersonellet
- Oversikt over internundervisning for LIS legar og turnuslegar
- Oversikt over nasjonale kvalitetsindikatorar
- Introduksjonsprogram for nyttilsette legar
- Utskrivingsblankett Ortopedisk avdeling
- Brev med NOUS rapport frå O. Furnes til klinikkleinga datert 21. september
- Brev frå O. Furnes til alle legar om rapport frå tilsyn i Drammen
- Retningsliner for ernæringspraksis i Helse Bergen HF
- Beredskapsplan ortopedisk klinikk

Korrespondanse mellom Helse Bergen HF og Helsetilsynet i Hordaland:

- Brev til HUS 14. september 2011, melding om tilsyn
- Brev til HUS 16. september 2011, melding om tilsyn
- Brev frå HUS 5. oktober 2011, oversending med etterspurte opplysningar
- Brev frå HUS 18. oktober 2011, med tilleggsopplysningar
- Brev til HUS 27. oktober 2011, oversending av program

9. Deltakarar ved tilsynet

I tabellen under er det gitt en oversikt over deltakarane på opningsmøte og sluttmøte, og over kva personar som blei intervjua.

Namn	Funksjon / stilling	Opningsmøte	Intervju	Sluttmøte
Lars Oddvar Arnestad	Klinikkdirektør	X	X	X
Ove Furnes	Klinikkoverlege	X	X	X
Heid Nygard	Seksjonsleiar, fysioterapeut	X	X	X
Annette Meyer	Sekretær, stab	X		X
Benedikt Jonson	Lege i spesialisering	X	X	
Truls Rokne Hanestad	Lege i spesialisering	X	X	X
Lisbeth Bang Almeland	Hjelpepleiar OT 2	X	X	X
Linda Hjortland	Ass. avd.sjukepleiar OT 2	X	X	X
Mona Oppedal	Avd. sjukepleiar OT 1	X		X
Marit Instebo	Sjukepleiar OT 2	X	X	X
Hege Framnes	Seksjonsoverlege traumeseksjon OT	X	X	X
Georg Genius	Fagkonsulent	X		X
Roy Sørensen	Ass. avd.sjukepleiar OT 2		X	X
Turid Kjenes	Ass. avd. sjukepleiar			X
Anne Sissel Faugstad	Vise.adm. direktør Helse Bergen HF			X
Linda Hjortland	Ass. avd. sjukepleiar OT 2	X	X	X

Tilsynet blei utført av:

Jo Kåre Herfjord, ass. fylkeslege, Helsetilsynet i Hordaland

Björg Botne, seniorrådgjevar, Helsetilsynet i Rogaland

Beate Tollefsen, rådgjevar, Helsetilsynet i Sogn og Fjordane

Signe Marit Tørressen Gajek, ass. fylkeslege, Helsetilsynet i Hordaland, revisjonsleiar